

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 10/2006

Møtedato: 1.2.06

Arkiv nr: 132

Søknad om tilskot til skibuss

Yvonne Tonnare-Christensen søker om tilskot til kjøring av skibuss frå Ryfoss til Vaset.

Tiltaket har vorte gjennomført sidan 2001 og er mykje brukt, spesielt blant ungdom. Siste år vart det kjørt 9 turar som til saman kosta kr 18.500 (pris pr tur er kr 2.200). Billettinntektene gav ei inntekt på kr 3962 (pris kr 40 tur/retur). Det var gjennomsnittleg 11 passasjerar kvar tur. Underskotet er dekket med tilskot. Tiltaket er eit foreldreinitiativ og det blir søkt om støtte frå kommunen, banken, Destinasjon Midt-Valdres, fjellstyret og idrettslaga.

Dei to siste åra har fjellstyret gjeve eit tilskot på kr 2000 til tiltaket.

Vedtak:

Fjellstyret gir eit tilskot på kr 2000 til tiltaket.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 2.2.06

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Yvonne Tonnare-Christensen, 2960 Røn